Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvam

Emne: Högtids mat ved familiefestar

Bygdelag: Øystese

Oppskr. av: Jakob H. Vik

Gard: Vik, övre

(adresse): Øystese

G.nr. 42 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A Eigi röynsle og haurt av han

SVAR

Far - Hans Vik f 19/1 1860 og lever,
og Gobfar f. 29/10 1826 d. 3/5 1930 - 103½ år.
Undan etter ho Mor f 1/12 1863 d 13/2 1946.

A.

1 Ja
2 Enkeltvis
3 Nei
4 Eit par dagar etter fødselen
Kom dei fyrste.
5 Ei gong
6 Det ymsna emdee,
rjomegraut, mjölkegraut
med rosinor i.
7 Till kvart
8. I eldre tid rosemåla embar
sidan i steintyfat eller
stor steintyskål.
9 Senggjamat eller Senggjagraut
10. Alltid Kona, men hadde
ho ei dotter på 6-8-10 år
so fekk ho gjerne fylgja mori
11 Mannen fylgde aldri med
12 Kaffi og kaker, stundom
eit glas öl, dersom dei

8799

ikkje var fråbaedsfolk
Ingen skilnad anten det var
gut eller gjentebarn.

13 Har aldri høyrt noko
namn

14 Nei

15 Nei til alle.

16 I 1920 åri kom skiftet

17 Det hende at sume ~~gje~~
gav klær som høvde til barnet.

19 Barsel seigjer me

20 Ja

21 Nei ikkje viss matsetel -
Men fadrane (Gudfar og gudmor)
hadde med seg gåvor ~~til~~
~~barnet~~ t.d. kaka og ei gåva
til barnet.

22 Var ingen fast regel

23 No gjev sume ei sylvskei-
barneskei, andre ei gåve-
bankbok eller pengar

## B. Födselsdag

24 Nei

25 Som regel med runde år

26 Berre nokosto slekt
Men det kjem ogso ofte
folk og helsar på jubelanten
utan at dei er bedne.
Dei har dei like gava med
seg ei bok, ein belop o l
Dette har utarta til ein
uskikk, serleg dei siste
15 - 20 åri. Verst etter
krigen

8799
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II C. Konfirmasjon 

30 Då var det vanleg preike-
sundag og berre skrîset som
fekk mat med.
Det var vanleg sundagsmat
31 No er det gilde og gjestebod
åt konfirmanten vert som
regel leidne, dersom dei bur
nokolunde nær, utan
Gudfarfolket på båe sidor.
32 Nei, ikkje utan dei er
fadrar.
33 Dei har no gåvor til
konfirmasjonen.
For 50 - 60 år sidan fekk
guten klokka av foreldri
eller Gudfarfolket.
No er det vorte gåvor i store
mengdar
34 Ja som regel kjem dei
som er leidne, eller dersom
konfirmanten har vore
ute i arbeid hjå framande
om sumaren. So gjev
husbondsfolket ei gåva.
35 Nei

D. Brudlaup.

36 Nei. Han Far f. 19/1 1860
høyrde ikkje brudvektar,
men Gudfar f. 29/10 1826 d. 3/5-1930
nemnde noko om dette.
ein gong eg var smaguten

8799

NUFOLK ETNOLOGISK GRANSKING

38 Eg har sett i gamal kjömeistarbok som gamle Johannes Neteland har skrive ikring 1840, truleg etter eldre kjömeistarbøker. Boki er skrivi med gotisk skrift. Der er songar for alle høve og måltid i eit 4 dagars brudlaup. Like frå verten syng eller les eit vers og gjev styringi av veitsla over til kjömeistaren måndags kvelden då brudlaupet vert sett, til fredagen då kjömeistaren syng velfarsverset.

Måndagskvelden vart brudlaupe sett.
Fyrst las eller song verten eit vers der han tilslutt overlet styringi av veitsla til kjömeistaren.

So overtok kjömeistaren og det var då å få folk til bords. Det var eit vanskeleg arbeid. Dei skulde sitja etter rang og ordning og var svært tråleidne til fyrste bordsæta.

Mat: Påsmurd Kling og Kalle mjølk og øl

(Kling er flatbrød som er bløytt og påsmurt ei smyrja laga av smør, brunost, rjome og gyrn sukker)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8799

Tysdagsmorgon: Nøreng.
Alle gjestene låg i senge i
eller på flatsenger til dei
hadde fått nøring.

Kjømeistar, brurpike, brur-
leiarar og reiekone med spelmann
i brodden reiste ikring på garden
med øl og kling, seinare
i 1870-80 åra med kaffe og kling.

Alle samlast i brudlaupsstova
til morgonmat før dei reiste
til kyrkje. Når gjestene var
sessa so reiste kjømeistaren
på bruraloftet saman med
spelemannen. Der hadde brura-
konene kledd bruri i brurabu-
nad med sylvkruna, sylvbeltet og
sylvkjede o.m.

Spelemannen går fyrst. So kjø-
meistaren og 2 brurkone som skal
sitja innmed veggen på langbordet,
etter brurparet og dei 2 siste
brurkonene.

Spelemannen spelar ein brura-
slått og stoggar innfor stovedøra
men spelar til brurfolk og brur-
kone er komne på plass.

Kjømeistaren tek so ordet og
gjerer greida for meiningi med
samkoma. Les opp namni
på brurfolket og heile embetsverket
d.v.s. verksfolk, brurkone, brurpike
brurleiarar, reiekone, kokk, kjellar-
mann, spelemann og til slutt
kjømeistar.

8799

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6 Dersetter song han eit vers og las ei bordbön. So var det morgonmat med mjölk öl og Kling og Kake.
So bar det på Kyrkjebeg. I eldre tid reid dei til Skyss, der som det var langt og rodde so til Kyrkja. Siste brurparet som reid på Steinsdalen til Grovd (Noverande Norheimsund) var Henrik Steine i 186
Derfrå rodde dei til Vikkøy kyrkja. Omlag alle brurvigsle var ved hovedkyrkja før dei bygde prestene.
Det var då kappróing og den mest betrodde 10 æring var brurebåt. Og Dei beste karane vart sette til å rö brurabåten. Eg har sjölv eingong vore roar på brura-båten det var hausten 1908 i storm austavind og me brukte over 1 gamal mil å ro på Kyrkja og heimatt.
Medsame folket kom utor Kyrkja stogga folket på Kyrkje-bakken utanfor Kyrkjemuren. Då spela spelemannen. Kjöe-konena fram frå Klingekorgene brure skjenkte då kvardi ein liten dram i eit lite sylvstaup og brudgumen skjenkte karane og bytta eit litt större sylvstaup. Etterpå kom kjellarmennen med öl attåt Klingen. Etterpå dansa dei

8799
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

litt før dei tok på heimveg.
Då var det kapprenningi tott til.

Ei reinkona gjekk gjenn oppi prestegarden med ein einbar dravle og litt kling so dei også skulde få smaka på deille maten.

Vertane var ikkje med til kyrkje.

Dei møtte gjestene tunet med einålskaul og ynskte gjestene velkomne frå kyrkja og drakk dei til.

So var det middagsmat.
No var folk vane med plassane sine so det gjekk lettare å få alle på plass.

Kjøkemeistaren song eit vers før og etter maten.
Maten var oppkokt mjøll fisk, poteter, smør, brød og kake og kalvegreit (tjukt mjølkesupa (kalvegraut)

Kveldsmat som brudlaups-aftan.
Då hadde bruri fenge skaut og kjøkemeistaren hadde eit vers til nykona.

Onsdagmorgon var det brurfølget med spelmann brurpiker og brurleiarar som kom med nøringi
Nymannen skjenkte ein dram,

8799

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og nykona kom med nyakonekorgi
si med kringla og ei sötostskiva.
Hovedmåltidet var middagen
Då vart brurgranten boren
inn. Fyrst kom spelemannen
deretter nyakona med sin
grantember, bo skulde gjeva
mannen det fyrste måltidet
deretter brurkonor, reekonor
og gjerne brurpikor om det
trengst.
Kjökemeistaren song dåe
rjomegrantverset.
Her er eitt sovori:
„Du deilige rett som på bordet står,
forgyldet av Jordrikes gröde, du frembåret er
utav venners hånd, til styrke og mette for
alle, som sitter ved bordene glade."
Kveldsmaten var omlag
lik kvar kveld.
Torsdag var fridag.
Då gjekk brudlaupsfolket
på Kveitjeng til slekt og
kjenningar. Ungdomen
dansa og leika og det vart
gjerne oppsakt till eit nytt
brudlaup.
Alt var i fineste former.
Men kjökemeistaren song eit
vers fyre og etter maten
til dauer morgon, dauen
og kveld.
I Fredag var reisedag.
Fyre middagen (dauren) tok
ein av brurleiarane på seg

8799

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brudgomsbatten og sette seg i høgsæte (ved høgenden av brurlabordet) med ei flaska og eit lite sylvstaup. Han hadde eit stort tinfat som han sette framfor seg på bordet.
So kom dei fram ein og ein fikk ein dram og la i skåli (gåva til brurparet la dei på tinfatet) Kvar mannen la ein dalar, kvenndi ½ dalar. Alle kjende uttrykket „skålapengar" og „å gje i skåli".
Etter måltide dans og so slutta veitla med at kjømeistaren song eit velfarvers og sa „no at veitla var slutt".
Onsdagen kom gjentene frå mjølkegrendi med mjølk til sy draver og kalgreitt (kaart, mjølkesupa) Mjølkegjentene fekk mat og dei fekk og gjerne dansa litt med brudlaupsgjestene før dei reiste heimatt

Dei siste dagane var det nytta den maten som var i brudlaupsgarden. Kake, klengr, smør ost, mjølkesupa (kalgreitt) draver øl spikikjøt og poteti fisk og brød.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

39. Dei med lang veg hadde drakle med i emmbar og rjome i kytte eller spann.
Dei næraste i mjølkegrendi gav mjølk fyr brudlaupe og ensdag og dei gav rjome.

40 Smöret stod på hestkar og var forma i utkrota smörforme. Vi har stettar og smörform ståande på stabburet heime i Vik

41 Nei

42 Toten og Fåvang

43 Det var brudgutane som var mjølkebandi
I 1900 vart me utan budsta-gjenta i månar om månen. Ho gifte seg og me fekk ingen ny gjenta før flyttedag, Krossmesse-laurdagen. Ho Mor skulle nett ha eit lite og det var 2-3 Km å gå. Mjølkegrendi er mykje større enn veitlegrendi. Då måtte eg gå med mjølki, var 13 år. Verten gav meg ein dram, nett som dei andre gjentene og me var alle til bords.

44 Mjølkegjentene fekk ein dram og vart bedne til bords.
Ensdagen fekk dei ogso dansa.

45 Nei

8799

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

46 Vertinna, med hjelp av reiekonena la i umbaren.

47 Det hender 2 dagars brudlaup.
I mest brudlaup vart
brudlaupe sett ein kveld med
dei næraste slektningar og
varte 2 dagar.
Nå 2 dei dags morgon
og slutt kl 16 andre dagen.

48 Ja hender, men oftast
i ungdomshuset, der ɛ
ser matsal, godt kjøkken og
kjøkkel med utstyr på plass

49 Det hender, men svært
sjeldan.

50 Dei næraste skyldfolk gjev
gåver.
Har du ei skikkeleg heimkoma, so vert der som eit
lite brudlaup, gjerne ein
laurdag e. m. og då får dei gåver

51 Nei ikkje før 25 års
bryllup

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8799

12 E Gravöl

„Sjaund" er det nammet som er nytta her i Kvam.

Sjaundarsfolk.

52 Husbonden bad inn.
Han gjekk ikring og bad nærraste skyldfolk grannane i heile grendi til sjaundi.
Men dagen etter den avlidne var slokna, vart han lagd i kista. Då vart dei nærraste skyldfolk og grannar bedne vera med å å leggja den avlidne i kista.
Dei song ein salme av salmeboki. Sjølve eller ein annan las eit kort Guds ord og bad ei kort bön eller Fadervår. So song dei ein salme tilslutt.
Dersom kjömeslaren styrte dette so bad han alle som var frammøtte om å vera med i sjaundi, den og den dag og nemnde tidi dei skulde [illegible].
Han bad alle under ett.
Husbonden gjorde dette stundom.
Dei som ikkje vart bedne slik, dei vart bedne ein og ein eller par og par av husbonden.
I eldre tid 3 måltid.
Morgonmat før dei reiste til kyrkja, middag eller dauer når dei kom att frå kyrkja og kveldsmat før dei slutta om kvelden

8799

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

53 I dag:

54 Det vart nytta veitlebord som stod på tverrvor. Eit langbord tvers over stova, der Karane sat. Eit bord langs sørveggen der konena og Kvende sat. Eit bord langs nordveggen der ungdomen sat. Var det svært breid stova var det eit mindre bord midt millom dei 2 sistnemnde bord til borni. Ellest åt borni i Koven eller vetlestova.
I Vik har me eit veitlebord frå 1760. Det vart nytta siste gongi på 100 årsdagen til han Gofar – Jakob H. Vik f. 29 oktober 1926. Då sat han i høgsete. Han var mest blind. Han kjende på bordet og so lo han og sa:
„Eg trur, De ha tekje inn veitlebordi"?

55 Nei det var vanleg veitlemat

56 Nei Sjå slutten av svar nr 52.

57 Det var alltid bakt heime før. Dei bord etter som husromet var.

58 Ja. ~~Bade og~~. dei hadde sending med seg eller sende det før. Bade og

59 Nei

60 Nei

61 Nei

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8799

14/ Det var i 1835 - 1860 at det vart kortare brudlaupsgildi. og frå 1865 - 75 vart det berre ein dags gjestebod.

63 Frå 1880 åri vart det slutt med øl i gjestebuda

64 Nei, det heldt seg lengst i brudlaup.

65 No får dei middag etter dei kjem frå kyrkja. Eit par timar etter får dei kaffi julebrød og kaker og gjestebodi vert avslutta med ein kort andakt i kl 17 tidi om dagen.
Det er slutt med at gjestene har sending med seg.
Berre ein blomekrans.

66 Nei

67 Ja stundom, dei som ikkje vil ha slutet med dette heime eller i ungdomshuset.

68 Det er berre dei som bur langt burte som vert innbedne skriftleg. Dei i nærheten vert bedne ~~som før~~ munnleg som før.
Ikring 1914 og utover

8799

# F Nye festar.

70 Den 17de mai var halv arbeidsdag til kl 12 til kring 1925.

Fyrste høgtiding av d. 17de mai for til i kring 1882. Det var skyttarlaget som skipa til folketog med taler om dagen og fest om kvelden.

Frå 1891 då Gjesdal ungdomslag vart skipa, so vart det ungdomslaget — gjenom i lag med skyttarlag og songlag som skipa til 17de mai-festlegi.

No er det 3 lag som står fyr tilskipingi:

1 Gjesdal ungdomslag
2. Losje Hugen nr 481 av IOGT
3 Gjesdal Indremisjons-ungdomslag

Gjesdal idrottslag har oftast ei framsyning, stundom av karatroppen og stundom av turntroppen.

71 Ja det er liligrand Morsgieda. Serleg reklamerar bakarane for dagen for å få selja kakor og kringlo.

72 Nei

73 Nei

74 Ja sjå svar 71.

75 Gjennom bladi

8799

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Oppteie 28/1 1954.

Janne H Vik

f. 19 mai 1887.

8799